



Arkivnr: 2019/56-1

Saksbehandlar: Sturla Binder

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		22.01.2019

Forslag om endringar i stadnamnlova - Høyringsuttale frå Hordaland fylkeskommune

Samandrag

Kulturdepartementet har sendt ut forslag om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn på høyring. Ein vil med forslaget styrke stadnamn som kulturminne og samstundes sikre kommunane større påverknad i stadnamnsaker, samt styrke stadnamntenesta som faginstans. Kulturdepartementet har lagt fram to forslag, omtalt som alternativ 1 og alternativ 2. Alternativ 2 inneholder alle endringane i alternativ 1, men med ei tilleggsendring i paragraf 4, som inneber at kommunane ikkje er forplikta til å vedta skrivemåte som er avledda av skrivemåten til namnet på det opprinnelige namneobjektet.

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland går inn for alternativ 1 då ein er usikker på konsekvensane endringar i paragraf 4 etter alternativ 2 vil ha for utvikling av stadnamn som kulturminne på sikt.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.01.2019

Kulturdepartementet har lagt ut forslag om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn på høyring. Målet med forslaga er å gje kommunane større fridom i avgjersler om stadnamn, både val av stadnamn og vedtek om skrivemåten av dei.

Stadnamn er viktige som kulturminne og identitetsmarkørar i lokalsamfunna. Hordaland fylkeskommune er opptekne av å ta vare på dei kulturverdiane som ligg i dei lokale stadnamna, slik det kjem fram av regional plan for kultur 2015-2025.

Stadnamna som immaterielle kulturminne med lange historiske tradisjonar, er under press. Det er difor bra at også norske stadnamn, i tillegg til samiske og kvenske, no vert sikra i form av lov. Hordaland fylkeskommune støttar endring i formålsparagrafen § 1, andre ledd, slik at det klart kjem fram at lov skal sikre omsynet til norske stadnamn på lik linje med samiske og kvenske stadnamn.

Med lovforslaget har ein gjort innhaldet enklare og klårare. Kommunane skal etter regel om sakshandsaming innhente tilråding om namneval. Språkrådet er stadnamnteneste for norske og kvenske stadnamn. Forslag til ny § 9 første ledd er: «*Før det blir gjort vedtek om skrivemåten, skal stadnamntenesta gi tilråding om fastsetjing av namn, namneskikk og skrivemåte.*» Dette inneber ei styrking av det faglege grunnlaget for namnevalet.

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om å lovfeste den einskilde kommune og fylkeskommune sin kompetanse til å velje stadnamn, slik det kjem fram i § 7. «*Kommunen fastset namn på og vedtek skrivemåten av offisiell adresse av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l. Fylkeskommunen fastset namn på og vedtek skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.*» Dette føreset at val av namn først og fremst støttar seg på historikk og tradisjon, og at ein nyttar kompetanse innan dette fagområdet i vurderinga av stadnamn.

Hordaland fylkeskommune er positiv til å ikkje endre på § 3 om namnevern: I ei tid med kommunenesamanslåingar, endringar i busettingsmønster og ulike utferdingar med å halde oppe statusen til norsk, samisk og kvensk språk, står våre eldste språklige kulturminner i fare for å gå ut av bruk. Desse stadnamna treng eit offentlig vern. I § 3 står det mellom anna: «*Eit nedervd stadnamn kan berre bytast ut med eit anna namn som har tradisjon som namn på det same namneobjektet. Unntak kan gjerast dersom særlege grunnar talar for det.*»

Hordaland fylkeskommune støttar departementet sitt forslag om at bruk av unntaksregelen om skrivemåten i § 1 første ledd tredje punktum: «*Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp*», vert tatt inn i § 4. Vi vurderer det slik at tradisjonell skrivemåte best tek vare på det kulturhistoriske opphavet som stadnamnet har.

Hordaland fylkeskommune støttar lovfestinga som klargjer at kommunen vert ansvarleg for kunngjering av namnesaker i ny § 8. Vidare er vi positiv til forslaget frå departementet om å utvide «tilrådingshjemmelen» til stadnamntenesta i ny § 9 første ledd: «*Før det blir gjort vedtek om skrivemåten, skal stadnamntenesta gi tilråding om fastsetjing av namn, namneskikk og skrivemåte.*»

Kulturdepartementet har sendt ut to alternative forslag på høyring:

«*Alternativ 1 innebærer flere endringer og presiseringer som til sammen gir kommunene større innflytelse i stedsnavnsaker i sitt område. Alternativet inneholder også oppfølginger av forslag og analyser i utredningen Hjertespråket. I tillegg foreslås flere redaksjonelle endringer.*»

«*Alternativ 2 omfatter hele alternativ 1. I tillegg foreslås en endring i § 4 Reglar om skrivemåten, som i praksis gjør at vedtakene om skrivemåte i Kartverket, ikke automatisk blir førende for hvilke skrivemåte det er mulig for kommunene å vedta.*»

Med alternativ 2 foreslår Kulturdepartementet ei endring som i større grad gir kommunane gjennomslag for sine ønsker om skrivemåte av stadnamn. Slik § 4 er i dag, skal den hindre at same namn, brukt på ulike namneobjekt, får ulik skrivemåte innanfor eit geografisk avgrensa område Forslaget inneber at § 4 andre ledd vert snevra inn, slik at den omfattar stat og fylkeskommune:

«Når statleg eller fylkeskommunalt organ fastset skrivemåten og det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphaveleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta.»

At kommunane står friare i sitt val av skrivemåte, vil gi kortare saksbehandlingstid og noko mindre arbeidsoppgåver for Kartverket. Kommunane er etter forslaget i alternativ 2 ikkje forpliktta til å vedta skrivemåtar som er avleia av skrivemåten til namnet på det opprinnelege namneobjektet:

«Kommunene er etter dette forslaget ikke forpliktet til å vedta skrivemåter som er avledd av skrivemåten til navnet på det opprinnelige navneobjektet, men god navneskikk tilsier at de likevel bør tilstrebe lik skrivemåte. Stedsnavntjenesten står fritt til å opplyse kommunen om det dersom Kartverket har fattet eller vil fatte en annen skrivemåte på et opprinnelig navneobjekt.»

Fylkesrådmannen saknar ei breiare vurdering av stadnamn som kulturminne i vurderinga av dei to alternativa. I dette ligg særleg vurdering av kva ulik skrivemåte vil innebere for stadnamn som kulturminne på sikt. Hordaland fylkeskommune vil difor tilrå alternativ 1.